



**SIM**

# SØRVISFRÅSEGN FOR HUSHALDSRENOVASJON





SIM har ansvar for handtering av hushaldsavfallet i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

**Dette er ei sørvisfråsegn der me vil fortelja deg kva du kan venta av sørvis og kvalitet frå SIM når det gjeld hushaldsrenovasjonen.**

#### RENOVASJONGEBYRET DEKKJER MELLOM ANNA DETTE:

- Innsamling av rest-, papir- og bioavfall
- Utkøyring, byting og reparasjon av dunkane
- Returpunkt for glas og metallemballasje
- Miljømessig og kostnadseffektiv handtering av avfallet ditt
- Størstedelen av kostnaden ved drift av miljøsentralen. Som abonnent betaler du ein liten del for levering av nokre fraksjonar.
- Administrasjon og informasjon

*Gebyret skal ikkje vera høgare enn dei samla kostnadene ved renovasjonen.*

# SØRVISFRÅSEGN

## Dette kan du venta av oss

### KONTAKT

- At me tek kundane på alvor, og held det me lovar.
- At me ikkje spreier vidare opplysningar me får kjennskap til gjennom kundetilhøvet.
- At våre informasjonskanalar er oppdaterte.
- At du får svar eller mellombels svar seinast ei veke frå du tek kontakt med oss.

### AVFALLSHANDTERING

- At me tek hand om avfallet ditt på ein miljøvenleg, hygienisk og kostnadseffektiv måte.
- At me tømmer avfallsdunkane i samsvar med tømekalenderen.
- At me ordnar opp så raskt som råd dersom ein dunk ikkje er tømt i samsvar med avtalen – det vil seia dersom dunken var plassert ut på rett dag til rett tid på avtalt stad.
- At me set dunken tilbake på avtalt plass etter tøming.
- At me hjelper deg dersom du melder frå om at dunken din er øydelagd eller borte.
- At du får ein ekstrasekk til restavfall dersom bos bilen ikkje kjem fram på grunn av snø/is eller vegen er uframkomleg av andre årsaker.

### RETURPUNKT

- At returpunkta for glas- og metallemballasje er reine og ryddige.
- At det er god nok kapasitet på returpunkta til at du blir kvitt det du skal levera.

# FOR HUSHALDSRENOVASJON

## MILJØSENTRALAR

- At du kan levera farleg avfall, hageavfall, elektrisk og elektronisk avfall og grovavfall på miljøsentralane.
- At me hjelper deg til rette på miljøsentralen og at det er tilrettelagt for at du skal kunna sortera avfallet ditt der.
- At miljøsentralane er reine og ryddige.
- At det er god nok kapasitet på konteinarane til at du blir kvitt det du skal levera.

## Dette ventar me av deg

- At du melder frå om endringar i abonnementet ditt.
- At du berre nyttar dunkar/sekker/konteinarar som høyrer til den ordninga du er registrert med.
- At du er førebudd på endra tømmedag i samband med rørelege heilagdaggar (sjå tømmekalenderen).
- At du plasserer dunken på avtala stad.
- At du ikkje kastar farleg avfall i restavfallet.
- At du sorterer avfallet ditt etter dei ordningane som gjeld for deg til kvar tid.
- At du ikkje overfyller dunken eller plasserer avfall utanfor dunken.
- At dunken er sett ut til rett tid (sjå tømmekalenderen).
- At du les informasjonen som SIM sender ut.
- At du melder frå om noko er gale.
- At du som fastbuande ikkje nyttar hyttekonteinarane.
- At du ikkje plasserer restavfall (t.d. tomme plastposar) ved returpunkta.



*Føresegna som kommunane har vedteke regulerer kva ansvar som ligg til SIM og kva som ligg til kunden. Føresegna finn du på [www.sim.as](http://www.sim.as), eller du kan få henne tilsendt ved å ta kontakt med SIM.*



**SIM**

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

Svartasmoget, N-5419 Fitjar

telefon 53 45 78 50

e-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)

[www.sim.as](http://www.sim.as)

